



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.

0030 OSLO

Deres ref.

Vår ref / Saksbehandler

15/7888-2

Ingrid Buset / tlf.

Dato:

29.02.2016

HØRING - FOREBYGGING OG OPPFØLGING AV ALVORLIGE HENDELSER I HELSE- OG OMSORGSTJENESTENE

Fagforbundet har mottatt «NOU 2015:11 Med opne kort» på høyring. Helse- og omsorgsdepartementet ber spesielt om at vi vurderer forslaget om ein undersøkingskommisjon. Vi vil svare på dette, og i tillegg kommentere utvalde delar av NOUen; styrking av pasientar, brukarar og pårørande sine rettigheter, melde- og varslingsplikta, tilsyn, pasient- og brukaromboda, utdanning av helsepersonell og politietterforskning og straff.

[Undersøkingskommisjon](#)

Fagforbundet er likheit med utvalets fleirtal og fleire høyringssinstansar kritiske til oppretting av ein undersøkingskommisjon. Utvalet har stilt seg spørsmålet: kva vil ein slik undersøkingskommisjon bidra med utover det dei eksisterande aktørane allereie gjer? I den følgjande drøftinga er det tydeleg for oss at meirverdien av ein slik kommisjon ikkje er stor nok til å forsvare ressursbruken, og at ein vil få eit større utbytte av å bruke desse ressursane til å styrke styrkje tenestene, særleg det førebyggjande arbeidet og oppfølging av uønskete hendingar.

Vi vil også støtte utvalets fleirtal i at det er viktig å arbeide aktivt mot manglande tillit til tenesteytarane og tilsynsmyndigheitene og at dette må møtast med større openheit om og betre oppfølging av uønskete hendingar i verksemdene i staden for å opprette ein ny ekstern instans.

[Betre oppfølging og ivaretaking av pasientar, brukarar og pårørande og styrking av deira rettigheter](#)

I eit historisk perspektiv har pasientars og brukarars rettigheter vore i positiv utvikling, og vi støttar vidare arbeid for pasientar og brukarars innsyn og involvering. Det er viktig med openheit og å førebygge alvorlege uønskete hendingar, samt å lære av egne og andre sine feil.

Pasientar, brukarar og pårørande sin rett til å varsle tilsynsmyndigheitene om alvorlege hendingar for ein rask vurdering vil styrke denne gruppas rettigheter, men kan også bli ressurskrevjande og må i så tilfelle følgjast opp med midlar. Fagforbundet vil også støtte forslag om at pasientar, brukarar og pårørande får rett til å melde frå om uønskte hendingar til Meldeordninga. Dette vil medverke til ein meir pasient- og brukarorientert helse- og omsorgsteneste. I tillegg er det eit godt argument at pasientar, brukarar og pårørande kan melde om andre hendingar når fleire verksemdar er involvert, særleg fordi dei kan sjå hendingsforløpet i eit anna perspektiv.

I denne samanhengen vil vi spele inn at det at fristen må vere lang nok. Både pasientar, brukarar og pårørande står i ein krise når alvorlege hendingar oppstår, og ikkje alle er i stand til å agere umiddelbart. Vi vil også påpeike at det er eit ujamnt styrkeforhold mellom helsetenestene som har kompetanse og moglegheiter og pasient, brukar og pårørande som står i ein sårbar situasjon. Dersom pasientar, brukar og pårørande får rett til å melde må det også leggast til rette for nødvendig og god rettleiing og tilstrekkelege tidsrammer.

Melde- og varslingsplikta

Vi meiner at det er rimeleg at melde- og varslingsplikta også skal gjelde kommunale helse- og omsorgstenester, og støtter utvalets fleirtal i dette forslaget. Alvorlege hendingar har like store konsekvensar i kommunale helse- og omsorgsteneste, som i statleg helse- og omsorgstenester. Vi meiner også at dette er fornuftig i lys av samhandlingsreforma og overføring av større ansvar til kommunane.

Tilsyn

Utvalet har identifisert fleire utfordringar ved tilsynsmyndigheitas verksemd, og særleg lang saksbehandlingstid og store forskjellar i kompetanse og normering mellom fylkesmannsembeta er trekt fram. Vi er einige i at det er viktig å løyse desse utfordringane, men trur ikkje at dei to føreslegne modellane løyser utfordringane eller førebygger alvorlege hendingar. Måla for sakbehandlingstid for tilsynssaker blir ikkje nådd, men som det er påpeika i utredninga så heng dette saman med både for låg berekning av saker i statsbudsjettet og over fleire år jamt aukande tal på saker som er ulikt fordelt i landet. Når det gjeld utfordringa med saksbehandlingstid så meiner vi at denne utfordringa kan løysast i eksisterande struktur. Det same gjeld forskjellar i kompetanse og normering mellom fylkesmannsembeta.

Begge dei to føreslåtte modellane vil skape større avstand til tenestene og pasientane, noko som er uheldig for tilsynsverksemda og den overordna målsetjinga om færre alvorlege hendingar.

Fagforbundet er kritiske til ein omorganisering av tilsynet frå fylkesmannen til regional løysing. Vi meiner at Fylkesmannen i dag har høg tilsynskompetanse og at ein heller bør styrke eksisterande struktur med tilsynsmyndigheiter på tre nivå; kommune, fylke og stat. I denne strukturen sikrar ein både nærleik til pasient og brukar, samt politisk forankring. Eit alternativ sikrar nærleik til brukarane er å styrke og utvikle ordninga med tilsynsutval. Vårt inntrykk er at tilsynsutvala der dei er oppretta har ein viktig funksjon, sjølv om PWC-rapporten frå 2014 viser at det også er rom for å heve kvaliteten.

Pasient- og brukaromboda

Fagforbundet er einige i at ombodas arbeidsområder må klargjerast, men vårt primære syn er at ein må styrke og utvikle lokale tilsynsutval.

Utdanning av helsepersonell

Fagforbundet synes det er positivt og viktig at det blir stilt krav til kunnskap om pasientsikkerheit, kvalitetsforbetringsarbeid og risikoforståing i rammeplanane for helsepersonellutdanningane. Under «7.5.1 oversikt og oppsummering av utvalgets tilrådingar» er vidaregåande skole nemnt, og derunder helsefagarbeidarar og ambulanspersonell. Vidare omtale av utdanning synes å vere retta mot høgskule og universitetssektoren, og vi vil minne om at det er viktig at også fagutdanningane er med i dette løftet.

Politietterforsking og straff

Fagforbundet støttar utvalet i at det ikkje er grunn til å gi straffeforfølgning ein meir framtradande plass i oppfølginga av alvorlege hendingar, men ein må fortsetje å prioritere læring og forbetring av system.

Avslutting

Vi vil avslutte med å oppmode om at informasjon om alvorlege hendingar må bli forvalta på ein god måte slik at ein kan lære av det og setje i gang førebyggjande tiltak. I tillegg er det viktig at informasjon blir formidla på ein god måte så det ikkje går utover innbyggjaranes generelle tillit til helsetenestene. Vi meiner at ein gode og lokal tilsynsutval er medverkande til å oppretthalde tillit til helsevesenet og trygge og gode helse- og omsorgstenester over heile landet på alle nivå. Nærleik til gode tenester må vere førande prinsipp.

Med hilsen
FAGFORBUNDET
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås
(sign)
fagleder

Ingrid Buset
(sign)
rådgiver

Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.